

Innspel til interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland

17.12.2021

Lygra Gjestegard v/Ole M. Lygren

e-post: Ole@lygra.no


tlf: 40491398 adr.: Lurevegen 1571, 5912 Seim

2. INNNSPEL – PLANINNHALD / AREALBRUK

Innspelet gjeld Alver kommune

Innspel til kva område gjeld + kart

Innspelet gjeld etablering av eit mindre småbåtanlegg, eit kaiområde og ein mindre molo som skjermar vika mot sjø og vind. Området ligg i Naustvika nord på Lygra (g/bnr 57/3), og vil mellom anna kunne nyttast i samband med drift av Lygra Gjestegard, aktivitet ved Lyngheisenteret og vera tilgjengeleg for brukarar av friluftsområda (ålmenta).




Skildring av eksisterande bruk, ønska framtidig tiltak/arealføremål

Det er allereie etablert ei flytebrygge med to båtplassar i området, samt to naust og ei lita kai i naturstein. Det er òg turveg ned til stranda, men utfordrande tilkomst over svaberga og bratt terreng i bakkant av nausta. Nausta og kaien er av eldre dato, men i god stand og i jamm bruk. Flytebrygga vert nytta i samband med landbruk/tilsyn og frakt av villsau på Lurekalven, samt rekreasjon/fiske og privat bruk. Hamna er utsett for vind/bølger frå sør-aust, og dette har fleire

gonger ført til alvorleg skade på båtar og flytebrygge. Hamna kan ikkje nyttast trygt i vinterhalvåret, noko som gjer tilsyn med dyr og tilkomst frå sjø utfordrande.

Nord for Naustvika er det avsett eit areal til friluftsområde - og ein ser for seg at småbåtanlegget kan tilby plassar for besökande ved Lyngheisenteret, Lygra Gjestegard og turområda, og slik gjere desse tilboda tilgjengeleg frå sjø. Aktivitet ved Lygra Gjestegard og Lyngheisenteret er mellom anna knytt opp mot kystkultur og kystbondens liv, og det er ei utfordring at ein ikkje har god kopling mot sjø i samband med dette. Det er ingen småbåthamner/anlegg i området på Ytre Lygra som vil kunne fylle dette behovet. Kaien som nyttast av passasjerbåten på sørssida av øya er ikkje tilgjengeleg for ålmenta, men vert likevel nyttta ved ulike tilhøve, fks. i samband med sauesanking, og i mangel på andre alternativ.

Ønskt område for småbåtanlegg, kai og molo



Det er ønskjeleg å etablere 20 - 30 m lang kai i tre langs land, slik at dette vert eit areal som kan nyttast til aktivitetar knytt til sjø i samband med både Lygra Gjestegard og Lyngheisenteret. For å etablere molo må det fyllast noko i sjø ut mot ei grunne(2 – 3 m djupne). Moloen kan til dømes vere 20 m lang, med 15 m vinkel mot vest om lag som på skissa over, men dette må klargjerast igjennom plan/byggесak(sjå illustrasjon bak i dokumentet). Synlege deler av tiltaket skal utformast i natursteinsmur og tre, slik at ikkje steinfyllinga vert synleg, og slik at tiltaket inngår som ein heilskapleg del av kulturlandskapet. På innsida av moloen er det ønskjeleg å etablera utleggere for småbåtar med både private plassar og gjesteplassar. Det vil òg vera ønskjeleg å etablere god passasje bak nausta ned til kaien via eksisterande veg/sti, som synt på skissa over.

Moglege konsekvensar av tiltaket for miljø og samfunn (anna bruk, transport, infrastruktur, naturmangfald, landskap og kulturminne)

Ytre Lygra er eit viktig område for skjøtsel av kystlynghei (UNESCO), kulturformidling og forsking på land og i sjø (m.a. i samarbeid med UIB og Havforskningsinstituttet). Villsaudrift i samarbeid med Lyngheisenteret, Lygra Gjestegard og andre grunneigarar på Lygra er ein grunnleggjande del av dette. Etablering av kai og molo vil kunne bidra til auka aktivitet ved Lygra Gjestegard og Lyngheisenteret, slik at dei kan utvide tilboda knytt til turisme, kulturformidling, kystkultur og sjørelaterte aktivitetar. Ein molo vil òg gjera det mogeleg å nytte hamna heile året, og lette tilsyn og drift med villsau som beiter på Lurekalven.

Infrastruktur

Det er i utgangspunktet ikkje ønskjeleg å fylle i sjø, men dette er likevel eit ønskje for at hamna skal kunne nyttast heile året. Tilkomstveg frå Lyngheisenteret og Lygra gjestegard er allereie etablert i området, men stettar ikkje krava til universell utforming ned mot sjø i dag. Ved å utbetre denne vegen ønskjer ein å gjera området tilgjengeleg for alle brukarar. Ved etablering av Lyngheisenteret i kring år 2000 vart det er lagt ned en 32 millimeters vassleidning og etablert straum (straumskap med målar), med tanke på tilkomst til sjø og bruk av dette arealet i framtida.

Landskap-, kultur- og naturverdiar

Landskapet i området på land består av kulturbetemark i bratt terrenget ned mot strand og svaberg. Det er noko vegetasjon med lauv og bartre, einer og myr. Dei to eksisterande nausta og kaien er utforma i naturmateriale stein og tre, og ligg godt tilpassa i terrenget. Det er langgrunt framføre nausta, slik at båtar må ligge eit stykke frå land. Kai i tre langs land kan etablerast slik at den følgjer terrenget og gjer minimalt med inngrep (det skal til dømes ikkje sprengjast), og molo kan byggjast slik at den fremstår som ein natursteinskai, medan fylling under sjø ikkje vert synleg. Slik vil tiltaka ha liten negativ verknad på kulturverdiar og det visuelle uttrykket i Naustvika. Målet er at tiltaka skal utgjera ein heilskap som respekterer og byggjer vidare på historia i området.


Det er ei rekke naturverdiar i området. Lurefjorden inngår i marint verneområde for Lurefjorden og Lindåsosane (kystinfo.no):



Det er registrert ei rekke artar av nasjonal forvaltingsinteresse i området, mellom anna nise, storspove(i Naustvika), og ei rekke måkefuglar(på land og i sjø). (kystinfo.no)




Landskapet inngår i eit større område registrert som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (kysinfo.no):




Området er registrert som svært verdifult for biologisk mangfold og kulturminner (naturbase.no)



Naustvika ligg nært viktige friluftslivområde (strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag) (naturbase.no)



Det er registrert kulturmiljø (kystslynghei), samt eit antatt gravfelt vest for Naustvika (naturbase.no og kulturminnesøk.no)



Tiltaka er ikkje venta å råke verdifull natur og kulturverdiar i området, og er meint å bygge oppunder bruk, bevaring og formidling av desse. Etablering av gangveg og kai kan gjerast skånsamt og utan store terrenginngrep. Etablering av molo vil medføre fylling i sjø, og det kan til dømes gjennomførast undersøkingar av sjøbotn/biologisk mangfald/marinarkeologisk undersøking som del av ein byggесak eller eit planarbeid.



Illustrasjon av tiltaka.




Det er ikkje kjent andre direkte råka interesser og mogleg konflikt.

Dagens planstatus (arealføremål i gjeldande plan)

I kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden(2015) er området omfatta av omsynssone for friluftsliv H530 på sjø og på land. Området er òg kartlagt som ein del av funksjonell strandsone. Arealføremål på land er «Landbruks-, natur- og friluftsføremål (LNF)», og i sjø «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone». Med innspelet ønskjer ein å endre dette slik at det kan etablerast ei småbåthamn, molo og kai i tråd med overordna plan.

Utanfor området for innspelet, lenger inne på land, er det ulike omsynssoner for landbruk og kulturmiljø samt fleire bandleggingssoner for natur- og kulturminnevern . Like nord for innspelet er det sett av eit større friluftsområde. Innspelet råkar ikkje desse interessene.

Utsnitt frå kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden (2015). Innspelet er markert med raud ring.



Anna

Det er ikkje spelt inn ønskje om tiltak på land då denne planen gjeld sjøområda. Ved rullering av land-delen av arealplanen kan det vera aktuelt å spele inn bygg i tilknyting kaiområdet som kan nyttast til aktivitetar knytt til gjestegard/Lyngheisenteret. Bygget kan til dømes utformast som eit naust og tilpassast terrenget og eksisterande bygg i området. Det er ønskjeleg å nytte eit slikt bygg til turisme/fritidsføremål, kulturformidling/forsamling, lagring av fiske- og båtutstyr, aktivitetar ved sjøen, og ha innlagt straum og vatn. Alternativt kan det vera aktuelt å spela inn eit større bygg som kan nyttast til dette, eller 1 – 2 små utleiehytter i terrenget lenger sør (bak illustrert bygg). Det vil då vera aktuelt å spele inn eit mindre næringsareal for fritids- og turistføremål.

Illustrasjon av mogeleg plassering og utforming av bygg på land (eksisterande naust til høgre):

